



Ulvik herad

Dykkar ref.:

Vår ref.:

11/225-1/K2-C00/EEI

Direkte innval:

56 52 70 61

Stad/Dato:

26.05.2011

Retningslinjer for stønad til kulturaktivitetar

I tillegg til den årlege søknaden om stønad til drift av lag og organisasjonar, kan det søkjast om stønad til kulturaktivitetar som har kommunal eller lokal verdi og som er opne for alle. Stønad kan også søkjast av personar. Døme på kulturtiltak kan vera:

- kulturarrangement
- kurs
- prosjekt

Prosjekt er tidsavgrensa aktivitet , tiltak, arrangement/arbeid som ikkje er ordinær drift av organisasjonen. Ved handsaming av stønad til prosjekt vert *nyskaping, samarbeidstiltak, tiltak for born og unge, større konsertar/teater med profesjonelle utøvarar og eller/ i samspel med desse, og integreringstiltak for medlemmer med spesielle behov* vektlagt.

- underskotsdekning

Søknad om stønad til kulturaktivitetar må vera sendt inn i god tid før tiltaket skal setjast i gang.

Søknaden må innehalda: Skildring av tiltaket med budsjett og finansieringsplan. Søknad om kulturaktivitetar kan søkjast heile året, og avgjerd er delegert til administrasjonen. Dette gjeld for søknader med stønad på inntil kr 10 000.

Unnatak: Søknad om stønad til særskilte omfattande tiltak,(festivalar og liknande.) , bør av omsyn til budsjettarbeidet fremjast seinast innan juni månad året før tiltaket skal gjennomførast.

Vedteke i FSK-sak 34/11 den 25.05.2011

